

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLARS FØREBELSE KOMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR – PLANPROGRAM

Plannamn	Reguleringsplan for AS Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum
Arealplan –ID	
Oppdragsnummer	615951-1
Saksnummer	
Utarbeida av	Vigdis Berge og Lise Marie Laskemoen
Datert/revidert	05.01.2017 rev00

NR	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale til planprogrammet	Forslagsstillars kommentar
1	Fylkesmannen i Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> - Fylkesmannen minner om at statlege retningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart: - ROS-analyse: Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like 	<ul style="list-style-type: none"> - Omtalt i planprogrammet kap. 4.1 - ROS er ein del av planarbeidet. Det skal utførast geologiske vurderingar som del av planarbeidet.

REV.00	Dato 06.01.2017	Merknadsskjema - Planprogram	Utarbeida av VB	Kontrollert av LML	Godkjent av VB
--------	-----------------	------------------------------	-----------------	--------------------	----------------

		<p>strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Folkehelse: Det er ei forventning i folkehelseleva om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelseleva § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025. - Strandsona : Byggeforbodet i strandsona gjeld også i dei delane av Hordaland med mindre press på areala, jf. pbl § 1-8. I følge statlege retningsliner om differensiert utbygging i strandsona er det likevel lettare for kommunane å vedta planar som opnar for utbygging i strandsona enn i kommunar der arealpresset er større. Utbygging bør så langt råd er lokalisert til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar. - Eventuell utbygging skal vurderast i forhold til andre allmenne interesser. Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, natur-kvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser som fiske, landbruk m.m. må vurderast. Om ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivarekast best mogleg. - Naturmangfald: Vi minner om at dei konsekvensane endra arealbruk har for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12. - Landbruk: Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattryggleik og auka mat-produksjon. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernmålet vert nådd. Vi viser elles til nasjonale forventningar til kommunal og regional 	<ul style="list-style-type: none"> - Vil bli vurdert i planarbeidet. - Vil bli vurdert i planarbeidet. Planlagt utbygging vil primært vere i allereie utbygd område samt fjellhall i tilknytning til eksisterande næringsareal. - Dette tema vil bli vurdert i KU og i planarbeidet - Vil bli vurdert i KU og i planarbeidet - Vil bli vurdert i KU og i planarbeidet
--	--	---	--

		<p>planlegging der det går fram at kommunane bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande LNF-område.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planprogram: Planprogrammet set fokus på viktige tema, der m.a. massebalanse og utfylling i sjø vil vera sentralt. Dersom det er forureina grunn i planområdet, bør ein vurdere det nærare i planprosessen. Behovet for utgreiingar for den delen av planområdet som gjeld fiskeanlegget synest godt ivareteke i forslaget til planprogram. - Når ein skal detaljregulera eit område som er sett av til sentrumsformål i arealdel av kommuneplanen, kan det vera naturleg å ha merksemda på kva utvikling ein vil leggja til rette for i Sævareid sentrum, og kva tema som skal utgreiast for denne delen av planområdet. Kva sentrumsfunksjonar skal ein leggja til rette for, og kva type bustader skal ein opna for, t.d. vurdering av meir differensiert bustadutbygging, samt korleis skal ein få sikra grøne område og område for lek. Planprogrammet ser ikkje ut til å ha særleg merksemd på denne delen av planområdet. - I punkt 4 der ein listar opp lovverk og overordna planar og retningslinjer, saknar me statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, samt rikspolitisk retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning - Regulering av Sævareid sentrum er tatt med etter vedtak i Fusa kommune. Utvikling av Sævareid sentrum er ikkje vektlagt i planprogrammet då reguleringsplanen sitt primære mål er regulering av næringsområdet til Sævareid fiskeanlegg. Innspel til planarbeidet og kva utvikling Fusa kommune ønskjer i Sævareid sentrum vil vere avgjerande for det vidare arbeidet med Sævareid sentrum i planarbeidet. - Tatt inn i kap 4.1 Statlege retningslinjer og regionale planar
2	Hordaland fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> - Det er positivt at planarbeidet har ei heilskapleg tilnærming der både næringsinteresser og lokalsamfunnsinteresser vert vurdert samla. - I kapittel 4 i planprogrammet saknar vi referansar til aktuelle planar og vurdering av korleis mål og strategiar i desse planane vert lagt til grunn, vurdert og innarbeidd i reguleringsplanen. Særleg sentrale er; regional næringsplan, regional klimaplan, regional plan for folkehelse og regional plan for attraktive senter i Hordaland. - ROS: KU må ha tydeleg fokus på risiko, både knytt til biologiske faktorar ved drifta og til klimatiltak og driftsmessige forhold. - Akvakultur: Det er positivt at det vert gjort ei vidare planlegging og utvikling av løysingar der det vert lagt til rette for landbasert produksjon. Kontroll med lakselus og med utslepp til sjø er særleg 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning - Vert vurdert i planarbeidet. Innarbeidd i kapittel 4.1 Statlege retningslinjer og regionale planar - ROS er ein del av planarbeidet - Tatt til etterretning

		<p>aktuelle problemstillinger som planarbeidet adresserer.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Landskap, arkitektur og estetikk: Utforming av bygg og anlegg med tilpassing til terreng og landskap, og storleik og plassering av snittflater i terrenget, massedeponi mm. må få tydeleg fokus i planarbeidet med konkrete krav og definisjonar for ulike tiltak. Materialbruk og fargar må vurderast nøye. I planarbeidet bør illustrasjonar og snitt brukast aktivt for å synleggjere verknader av planen. - Barn og unges interesser. Gjennom planlegging av sentrumsutvikling må det leggast vekt på barn og unge sine interesser, med vekt på trygg ferdsel og tilgang til leike- og aktivitetsareal. - Folkehelse. God medverknad og god informasjon er viktig i planarbeidet. Det må leggjast vekt på å halda konfliktnivået mellom interesser lågt. - Klima og energi: Det må takast omsyn til klimaendringar og leggjast vekt på energieffektivitet, og for driftsløysingar som sikrar trygge forhold for fisken. - Kulturminne og kulturmiljø: Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i planområdet. Det er gjort eit lausfunn av ei steinøks i elva. Det er kjed eit tiltals SEFRAK-registrerte bygg i planområdet. Ut i frå planprogrammet ser det ut til at verknaden på kulturminne vil vere minimal. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminner i planområdet. Fylkeskommunen vil utføra ei synfaring av planområdet for å avgjera om det vert stilt krav og arkeologisk registrering av planområdet. Bergens Sjøfartsmuseum har hatt saka til vurdering. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sævareid Fiskeanlegg/Sentrum i Fusa kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Dei har ikkje indikasjonar på at område har vore nytta som hamn i eldre tid. Området er brådjupt og museet meiner det er lågt potensial for marine kulturminne. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa. - Næringsutvikling: Det er positivt at vidare utvikling av næringsaktivitet vert planlagt i ein heilskapleg plan og prosess som inkluderer lokalsamfunnet Sævareid. 	<ul style="list-style-type: none"> - Landskap vil bli utgreidd i KU og vurdert i planarbeidet - Vil bli vurdert i KU og i planarbeidet - Folkehelse vil bli vurdert i planarbeidet. Det er avhalden eit folkemøte i Sævareid - Vil bli vurdert i planarbeidet - Vil bli utgreidd i KU og i planarbeidet. - Tatt til etterretning
3	NVE	<ul style="list-style-type: none"> - Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med 	<ul style="list-style-type: none"> - Fare for skred vil verte vurdert i planarbeidet.

		<p>planarbeidet. Dersom skredfaren er reell må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Ev. fareområde må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone (jf. PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Flaum frå elva mellom sjøen og Henangervatnet, samt frå Haugaelva, må også utgreiast i samband med planarbeidet. Areal utsett for flaumfare må syne i plankartet som omsynssone (jf. PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. - Det går ein høgspenteledning som høyrer til regionalnettet gjennom planområdet. Slike større høgspenningslinjer og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2. - Dersom planen inneber inngrep i elvar og vatn må det gjerast greie for om det er knytt ålmenne interesser til vatnet, og korleis inngrepet påverkar desse ålmenne interessene. - NVE rår til at arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr 6, vert nytta til å merke vasstreng og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til "Natur og friluftsliv". - NVE sin medverknad i plansaka gjeld arealbruken. Eventuelle endringar av vassuttaket som følgje av til dømes utvidingar av settefiskanlegget, må handsamast gjennom eiga konsesjonssak etter vassressurslova. 	<ul style="list-style-type: none"> - Flaum vil verte vurdert i planarbeidet - Tatt til etterretning - Eventuelle inngrep i elvar og vatn vert utgreidd i KU under tema som naturmangfald, naturressursar, nærmiljø og friluftsliv. - Tatt til etterretning - Tatt til etterretning
4	Fiskeridirektoratet	<ul style="list-style-type: none"> - Kan ikkje sjå at reguleringa vil få vesentlege følger for bruk av sjøområda til fiske. - Tidvis er det låssetting av fisk (vanlegvis) makrell i sjøområde utafor Sævareid, men vi ser ikkje at reguleringa får konsekvensar for slik fiskeriverksemd. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning
5	Statens vegvesen	<ul style="list-style-type: none"> - Ber om at utforming av avkøyrslar til fv. 121 både i Sævareid sentrum og på austsida av anlegget mot fv. 121 vert som tidlegare avtalt med SVV. 	<ul style="list-style-type: none"> - Avkøyrslene vert utforma som avtalt med SVV, andre endringar vert tatt opp med SVV i planprosessen. - Vert vurdert i planarbeidet

		<ul style="list-style-type: none"> - Minner om at byggegrense til fv. 121 er 30 meter. - Tiltak som kan påverka fylkesvegen skal diskuterast og avklarast med SVV så tidleg som mogleg i planprosessen. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning
6	Kystverket	<ul style="list-style-type: none"> - Ved planlegging i sjø må det tas omsyn til anna ferdsel i området. Det må ikkje planleggast tiltak/aktivitet som kan komme i konflikt med framkomelegheit i farvatnet. - Det må innarbeidast i reguleringsføresegner at tiltak som faller inn under hamne- og farvasslova sine føresegner skal godkjennast. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning
7	Direktoratet for mineralforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - DMF har gjort ei førebels vurdering av tiltaket og ut i frå dei opplysningane vi har i dag meiner DMF at planforslaget ikkje omfattast av virkeområdet for minerallova. Sjølv om det er overskot av massar for planen, er uttaket naudsynt for å realisere eit anna føremål. DMF har derfor ingen ytterligare kommentarar til planen. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning
8	Britt Helen Kålås og Tor Kjartan Kålås, eigar av gnr. 96 bnr. 2	<ul style="list-style-type: none"> - Hvor omfattende blir et slikt påhugg og hvor stort inngrep blir det i området rundt påhugget? - Hvordan blir trafikk forholdene i forbindelse med utkjørselen fra et slikt anlegg? På informasjonsmøtet ble det opplyst at mengde stein fra tunnelhaller var stipulert til ca. 150.000 m³, noe som tilsvarer min. 15.000 billass transportert ut av påhugg. Dette får stor betydning for trafikken, støy og støv i området. - Det ble opplyst på informasjonsmøtet 16. nov. at anleggsperioden kunne strekke seg over 10-15 år. En slik lengde på anleggsvirksomhet er vanskelig å forholde seg til, så vi ønsker at en tidfester ferdigstillelse av en portal i påhugget og når området i sjølinjen blir ferdigstilt. Vår eiendom ligger i nær tilknytning til det planlagte påhugget i Nordvika og slik vi ser det vil vi bli mye berørt av en slik plan. Vi ser for oss at støy fra ventilasjon og anleggstrafikk i anleggsperioden vil være betydelig sammen med store problemer med støv i denne perioden. Det ble også opplyst at en hadde planer om steinknuseverk i tilknytning til tunelldrif, og dersom dette skal ligge utenfor tunellene vil dette skape enda større støy og støv problemer over lengre tid. - Framtidige luktproblemer fra drift av fiskeanlegg i tunellene ser vi for oss kan skape problemer i området. Hvordan vil evt. framtidige luktproblemer fra fiskeanlegget i tunellene være ivaretatt for 	<ul style="list-style-type: none"> - Plassering og storleik av påhogg vil bli vurdert i planarbeidet. - Trafikk vil bli utgreidd i KU. - Merknaden vil bli vurdert i planarbeidet. - Framtidig anlegg i fjellanlegg vil måtte handtere lukt, støy etc. som ein del av drifta og er underlagt forureiningslova. Sævareid Fiskanlegg har gjennom

		<p>omgivelsene i nærområdet?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Området langs fylkesvei og opp mot 96/26: Fra påhugg og langs fjellparti ved 96/26 i østlig retning er det pr i dag store og mindre store steiner som ligger i en «steinur» langs hele foten av fjell partiet også forbi vår eiendom. Disse steinene, er slik vi ser det, ikke sikret mot rystelser ved utsprenging i fjellet. Dette området ligger utenfor planområdet, men slik vi ser det vil dette bli påvirket av sprengningsaktivitet i tunellhaller. Vi krever en grundig geologisk utredning og evt. tiltak i forbindelse med dette. Utredningen må ligge til grunn før en vedtar en slik plan. Vi er også bekymret for sprekkdannelse i bygningsmassen på vår eiendom. - Sjølinje langs fylkesvei i Nordvika: Vår eiendom har båtfesterett med båt liggende i Nordvika. Vi bruker huset som fritidsbolig hele året. Slik vi leser kartet, med grenser for planområdet, vil det berøre området der vi har båt liggende og det området som blir brukt til rekreasjon med bading og grilling. Hvordan tenker dere området vil være her i evt. anleggsperiode og når anlegget er ferdig? Vi ønsker mer konkrete planer/kart for aktiviteter i dette området. - Flere steder i planframlegget skriver dere om fylling i sjø. Etter møtet vi var på den 16. nov. ble det presisert at det ikke var snakk om fylling i sjø langs land, fra Nordvika og til nåværende kai på fiskeanlegget. Dette blir vanskelig å forholde seg til når uttalelser og det som er skrevet ikke stemmer overens. Ønsker en mer presis plan på hva som skal gjøres og hvordan en evt. fylling skal være? Vi ser for oss at det må presiseres. Hvordan blir det i anleggsperioden og hvordan vil det være når arbeidet er ferdig? - Kulturminne: Der påhugget i Nordvika er planlagt er det fra gammelt av en sti over Hovden. Den starter innerst i Nordvika med trappetrinn og ble brukt for å komme over fjellet til Henangervatnet. Hvilke planer er det lagt for i ivareta denne? - Når det gjelder alternative påhugg ønsker vi at det blir sett på muligheten for dette langs Henangervatnet i yttergrense av planområdet mot nordøst. 	<p>løyve til utslepp (24.02.2015) krav til drifta når det gjeld luktproblem.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensar ein fjellhall vil få for dei geologiske tilhøva vil bli utgreia som ein del av KU og ROS. - Merknaden vil bli vurdert i planarbeidet. - Behov for fylling i sjø vil bli utgreidd i planarbeidet. - Den omtalte stien vil bli dokumentert og vurdert KU og i planarbeidet. - Plassering og storleik av påhogg vil bli vurdert i planarbeidet.
9	Oddbjørn	<ul style="list-style-type: none"> - Ser positivt på reguleringsplan for Sævareid. Ber om å bli informert om 	<ul style="list-style-type: none"> - Tatt til etterretning

	Hatletveit, eigar av gnr. 96 bnr. 1	tiltak som omfattar gnr. 96 bnr. 1	
10	Sævareidfjorden ungdomslag	<ul style="list-style-type: none"> - NVE sin flaumsikringsplan for Haugeelva må inn i planen (1) - Tilkomstvegen til Sævareid fiskeanlegg må leggjast utanom sentrum (2) - Del av sentrum som ligg på vestsida av Haugeelva må regulerast som sentrumsområde, inkl. gnr. bnr. 93/3, 93/5, 93/7 og 93/38 (3) - Alle eigedomsgrenser innafor plangrensa må klarleggast/avklarast (4) - Det må avklarast kva som er fylkesveg, kommunal parkering og privat eigedom i sentrum (5) - Sikra nok parkeringsareal ved butikken i sentrum (6) - Regulerast inn småbåthamn med molo i Nordvikjo gnr. Bnr. 96/1 (7) - Plangrensa vert utvida mot sør slik at ny plangrense inkluderer det som i dag er eksisterande næringsbebyggelse (8) - Inkludera «Trollhola» gnr. Bnr. 96/1 i eksisterande næringsbebyggelse 	<ul style="list-style-type: none"> - NVE har stilt krav om at flaum frå elva mellom sjøen og Henangervatnet, samt frå Haugeelva må utgreiast i samband med planarbeidet (1) - Sævareid fiskeanlegg har to tilkomststar, bruken av desse vil bli vurdert i planarbeidet (2) - 93/5, 93/7, 93/38 er del av planområdet og er i kommuneplan avsett til LNF. I planarbeidet vil ein vurdere aktuell og eigna arealbruk for alle eigedomane i planområdet. Gnr. bnr. 93/3 ligg i LNF i kommuneplanen og utanfor varsla plangrense og vert ikkje tatt med i reguleringsplanen (3) - AS Sævareid fiskeanlegg har meldt inn til kommunen trong for oppmåling av eigedomsgrenser som gjeld deira grenser. Den enkelte grunneigar bør melde inn til Fusa kommune behov for oppmåling av eigedomsgrensene (4) - Eigartilhøve for veg, offentleg eller felles, vert avklart i planarbeidet. Kommunal parkering er noko Fusa kommune må ta stilling til i planarbeidet. Regulering av kaien skal avklarast i planarbeidet, gnr. bnr. 93/15 (5) - I planarbeidet vil ein saman med kommunen vurdere behov for parkeringsareal ved butikk (6) - Innspelet vert vurdert i planarbeidet (7) - Innspelet gjeld næringsområdet ca. 150 meter sør for AS Sævareid fiskeanlegg og LNF området ved Trollhola. Næringsområda har ikkje samanheng med AS Sævareid fiskeanlegg sine interesser eller Sævareid sentrum. Det

		<p>(9)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilrettelegge/regulera inn kai/flytebrygge ved «Vasskaien for småbåtar» gnr./bnr. 94/1, 3 og 5. Avklare eigedomsgrensar her i området ved kaien (10) - Sikra at Sævareidfossen vert open for fritidsfiske framover (11) - Regulere inn fortau frå fylkesvegen frå sentrum til busshaldeplass ved ungdomshuset, inkl. tilfredstillande veglys (12) - Ny reguleringsplan må ikkje setja avgrensingar på fiske- og friluftsliv i sjø, elv eller ferskvatn (13) - Artsmangfald i sjø, elv og ferskvatn må utredas i samband med reguleringsplanen (14) - At ev. massar frå fjellhalar vert utnytta positivt, uavhengig om dei skal nyttast til kai/molo. Dette som for eksempel polstring av strandlinje i sjøen, vegutviding osv. (15) - Dersom eigedom 94/47 skal nyttast/gjennoppbyggast, må det vurderast annan tilkomst til eigedomen (16) - Reguleringsplanen må setje rekkefølgjekrav til utbygging (17) - At det i reguleringsføresegnene vert sett eit tidsperspektiv på tiltak og vidare utbygging (18) 	<p>er difor ikkje naturleg å ta desse områda med i denne planen. Ei slik utviding av planområde vil få omfang av ein områdeplan, noko som vere kommunen sitt ansvar (8 og 9)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innspelet vert vurdert i planarbeidet. Når det gjeld andre eigedomsgrensar er det noko som den enkelte må melda inn til Fusa kommune. (10) - Det er ikkje lagt opp til endringar av bruken av Sævareidfossen i planen (11) - Regulering av fortau vert vurdert i planarbeidet saman med vegeigar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen (12) - Det er ikkje lagt opp til større endringar av bruken av sjø, elv eller ferskvatn i planen (13) - Planen sin verknad på naturmangfaldet i planområdet vert utgreidd i planomtalen og KU (14) - Utnytting og deponering av overskotsmassar frå fjellhallar vil bli vurdert i planarbeidet (15) - Innspelet vil bli vurdert i planarbeidet (16) - Rekkjefølgjekrav vil bli vurdert i planarbeidet (17) - Rekkjefølgjekrav vil sikre når ulike tiltak kan gjennomførast. Det er ikkje mogleg å sette tidavgrensingar for anleggsfasen i reguleringsplanen. Kommunen kan krevja ny reguleringsplan om det har gått meir enn ti år frå vedtak av reguleringsplan til
--	--	--	---

		<ul style="list-style-type: none">- Reguleringsplanen må setje krav til begrensingar mht støy, lukt og støv (19)- Reguleringsplanen må setja krav til tiltakshavar/utbygger om å utføre avbøtande tiltak på dagens drift som begrensar plager mht støy, lukt og støv (20)	<p>igangsetting. Kommunen kan ved søknad om byggeløyve på grunnlag av reguleringsplan sette krav til gjennomføring av tiltak (18)</p> <ul style="list-style-type: none">- Dette vil bli vurdert i planarbeidet. AS Sævareid Fiskeanlegg har løyve til utslepp til luft og vatn etter forureiningslova. Sævareid Fiskeanlegg har gjennom løyve til utslepp (24.02.2015) krav til drifta når det gjeld luktproblem (19)- Dette vil bli vurdert i planarbeidet (20)
--	--	--	--